



Bjørgulv Eik spelar framleis i musikklaget

I åra etter krigen og 50 år framover hadde vi sju julefestar i Uskedalen, alle i jule- og romjulsveka

Det heile starta 2. juledag. Då hadde Uskedal Fråhaldslag og Ljosje Uskedølen sin fest i Bedehuset. Det var ein svært populær fest som samla folk frå mange bygder.

Ikkje sjeldan og noko uvanleg var det at nokre av gjestene kom synleg rusa, stod tettpakka ute i gangen og var helst høggrøysta. Sjølv minnest eg at festleiarer, Amund T. Myklebust, var ute og roa ned stemningen.

Uskedal skule og Haugland skule hadde sine barnefestar 3. dag. Læraren og lærarrinna saman med elevane stod for eit innøvd program. Elevane i Haugland krins brukte Vonheim, mens vi nede i bygda veksle mellom skulen, bedehuset og på slutten Helgheim. Før ungdomslaget starta barneleikarring tidleg på 1960 talet, var det på skulefesten vi stod fram på scenen og var med i mindre tablå.

Haugland og Musland Grendalag hadde sin julefest 4. dag i Vonheim. Så kom ungdomslaget sin 5. dagsfest i Helgheim. Det var lenge ein stor og gild fest som samla folk uansett religiøst syn. Dei siste åra fram mot år 2000 var det lite frammøte og det vart berre ein utgiftspost for tilskipar. Gjenbruk og lån av juletre frå eit forsamlingshus til eit anna, var vanleg.

Det heile vart avslutta med Indremisjonen sin fest på Bedehuset 1. nyttårsdag, ein fest som har overlevd skiftande tider.

I tillegg til dette må vi nemna at det ei tid var ein barnefest i Vonheim. Uskedal Husmorlag hadde og nokre år sin eigen julefest.

I mange år no har skulen hatt sin juleavslutning i veka før julefri. Julegrantenninga har vakse og er eit stort og omfattande arrangement.

Kjelde: Bjørgulv Eik

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Foto: Ola Matti Mathisen